

BOKN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Forvaltningsstyre	11.12.2013	046/13	KBU
Forvaltningsstyre	26.06.2014	012/14	BJL
Forvaltningsstyre	03.06.2015	019/15	BJL
Kommunestyret	16.06.2015	025/15	BJL

Saksansv.: Bjørn Løvland	Arkiv: K2-L12 Objekt:	Arkivsaknr 13/309
--------------------------	--------------------------	----------------------

Reguleringsplan for Føresvik Sør -2.gongs handsaming

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
4	I	06.03.2012	Hans Faye	Areal Føresvik
1	I	13.05.2013	Omega	Varsel om oppstart av reguleringsarbeid Føresvik
2	I	26.05.2013	Fylkesmannen i Rogaland	Kopi av brev Omega Areal AS
3	I	29.05.2013	Fylkesmannen i Rogaland	Vedr.planvarsel for gnr. 9/2 for bustader og offentlige formål
5	U	07.06.2013	Fylkesmannen i Rogaland	VS: Planvarsel på gnr.9 bnr.2 for boliger og offentlig formål.
6	I	07.10.2013	Fylkesmannen i Rogaland	Kopi av brev til Omega Areal - Bokn Kommune - Gnr.9, bnr.2 m/fl. - Reguleringsplan for Føresvik sør - BOKN
8	U	06.01.2014	Fridun Ognøy; Geir Ognøy; Linda Ognøy; Siv Ognøy	Reguleringsplan for Føresvik Sør - melding om behov for kulturhistorisk registrering på eigedomane gnr. 9 bnr. 2, gnr. 10 bnr. 9 og gnr. 10 bnr. 10
9	U	06.01.2014	Torunn Serine Feste	Reguleringsplan for Føresvik Sør - melding om behov for kulturhistorisk registrering på eigedomane gnr. 9 bnr. 2, gnr. 10 bnr. 9 og gnr. 10 bnr. 10
10	U	06.01.2014	Torunn Elisabeth Aass Are og Daniel Ingemund Are	Reguleringsplan for Føresvik Sør - melding om behov for kulturhistorisk registrering på eigedomane gnr. 9 bnr. 2, gnr. 10 bnr. 9 og gnr. 10 bnr. 10
11	I	08.01.2014	Daniel Are	Aksept til å føreta kulturhistoriske registreringar
12	I	08.01.2014	geir-og@online.no,	kulturhistorisk registrering

13	I	20.01.2014	Fridun Ognøy og Linda Ognøy	Aksept til å føreta kulturhistoriske registreringar
15	I	24.01.2014	Eileen P Selland	Avgrensa varsling for utviding av reguleringsplan for Føresvik – Bokn kommune
16	I	28.01.2014	Torun Serine Feste	VS: Reguleringsplan for Føresvik Sør
14	U	28.01.2014	Rogaland fylkeskommune	Gnr. 9 bnr. 2 mfl. - reguleringsplan for Føresvik Sør - behov for kulturhistorisk registrering- aksept av kostnadsoverslag
17	I	29.01.2014	anette.jacobsen.mokleiv@fylkesmannen.no,	Fråsegn til avgrensa varsling om utviding av reguleringsplan Føresvik sør 9/132, Bokn
18	I	13.05.2014	Omega v/ Eileen P Selland	Reguleringsplan for Føresvik sør - Endringar datert 12.05.2014
19	I	13.05.2014	Eileen P Selland	Reguleringsplan for Føresvik sør - Endringar datert 12.05.2014
22	I	04.06.2014	bjorn.lovland@bokn.kommune.no,	Avtale om makebytte
23	U	04.06.2014	Tore Lund	Gnr. 9 bnr. 159 - Tore Lund, og gnr. 9 bnr. 156 - Bokn kommune - avtale om makebytte
24	U	11.06.2014	Torunn Elisabeth Aass Are og Daniel Ingemund Are; Fridun Ognøy; Geir Ognøy; Linda Ognøy; Siv Ognøy; Torunn Serine Feste	Reguleringsplan for Føresvik Sør - melding om oppstart av kulturhistorisk registrering på eigedomane gnr. 9 bnr. 2, gnr. 10 bnr. 9 og gnr. 10 bnr. 10
25	I	11.06.2014	Kåre Bua	VS: BOKN KOMMUNE - GNR.9, BNR.2 MFL. - REGULERINGSPLAN FOR FØRESVIK SØR-BOKN
26	I	25.06.2014	Anne Mette Haugen	Bjørn Løvland, ad kulturhistoriske undersøkelser Føresvik
30	I	30.06.2014	Eileen P Selland	Reguleringsplan for Føresvik Sør - med oppdaterte datoar jf vedtak til off ettersyn
27	U	02.07.2014	Haugesunds Avis	Høyring av framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør
28	U	02.07.2014	Fylkesmannen i Rogaland; Rogaland fylkeskommune kulturseksjonen; NVE Region sør; Rogaland fylkeskommune regionalplan; Statens vegvesen Region vest; Mattilsynet DK Haugalandet; Telenor Senter for nettutbygging;	Høyring av framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør

			Kolumbus; Friluftsrådet vest; HIM; Haugaland Kraft AS	
29	U	02.07.2014	Fridun Ognøy; Erling Sæbø; Geir Ognøy; Linda Ognøy; Siv Ognøy; Advokat Harald Hetland; Karen Hjelmaas Larsen; Elly og Ottar Jakob Borgenvik; Marie Elin og Harry Leonard; Sigbjørg Johanne og Villy Solvang; Sigvart Våga; Gunhild Sæbø; Tore Lund; Per Ognøy; Terje Alvestad; Erling Sæbø; Oddvar Hognaland; Linda Ognøy og Arvid; Bokn idrettslag v/Trond Vatnaland; Åse Helen Alvestad; Torunn Elisabeth Aass og Daniel Ingemund Are; Torunn Serine Feste; Gunnar Emil Bokneberg; Highcomp AS; Else Kristine Nilsen; Else Kristine Nilssen	Høyring av framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør
31	I	17.07.2014	Rogaland Fylkeskommune v/Tom Gyran	høring av forslag til reguleringsplan - forespørsel om utsettelse med uttale.
32	U	21.07.2014	tom.gyran@rogfk.no,	Reguleringsplan for Føresvik sør - fristutsettelse
33	I	31.07.2014	Torun Serine Feste	Merknad til reguleringsplan for Føresvik Sør - vedr. gnr. 10 bnr. 10 og 9.
34	I	09.08.2014	Hans Faye	Innspill til høringsutkast til reguleringsplan for Føresvik Sør
36	I	17.08.2014	Åse Helen Alvestad	Merknad til høring av framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør
39	I	17.08.2014	Barnerepresentant Bokn kommune v/	Fråsegn - reguleringsplan for Føresvik Sør.
40	I	18.08.2014	Rune Bokn Senterparti v/Vatnaland	Høyringsuttale føresvik sør
37	I	18.08.2014	Vatnaland Hanne Marte Føresvik Velforening v/Tore	Høyringsuttalelse reguleringsplan Føresvik sør

			Lund	
38	I	18.08.2014	Kåre Vierdal	Merknader til reguleringsplanforslag for Føresvik Sør
41	I	19.08.2014	Haugaland Kraft v/John Arvid Djupesland	Høyring av framlegg til reguleringsplan for Føresvik sør, Bokn kommune - merknader fra Haugaland Kraft
42	I	02.09.2014	Fylkesrådmannen i Rogaland	BOKN KOMMUNE - GNR.9, BNR.2 MFL. - REGULERINGSPLAN FOR FØRESVIK SØR -
43	I	03.09.2014	bjorn.lovland@bokn.kommune.no,	Referat frå møte med Rogaland fylkeskommune
44	I	22.09.2014	Kyvik Gro Osmundsen	Føresvik sør - møte i Hgsd 03.09.14
46	U	24.09.2014	Statens vegvesen Region vest	Reguleringsplan for Føresvik Sør - kommentarar til Statens vegvesen sitt referat frå møte 03.09.2014
47	I	24.09.2014	bjorn.lovland@bokn.kommune.no,	Kommentarar til referat frå møte med Statens vegvesen 03.09.2014
48	I	24.09.2014	Fylkesrådmannen i Rogaland	Bokn kommune - Gnr.9, Bnr.2 mfl. - Reguleringsplan for Føresvik Sør -
49	I	29.09.2014	Statens Vegvesen Region Vest	Svar på Bokn kommune sine kommentarar til møtereferat frå møte 03.09.2014.
52	I	01.10.2014	Kyvik Gro Osmundsen	Endelig møteref Føresvik sør
50	I	06.11.2014	Fylkesrådmannen i Rogaland	BOKN KOMMUNE - GNR.9, BNR.2 MFL. - REGULERINGSPLAN FOR FØRESVIK. OVERSENDING AV RAPPORT FRÅ KULTURHISTORISK REGSTRERING
51	I	24.11.2014	Omega Areal as	Reguleringsplan for Føresvik Sør - Justert etter offentlig ettersyn
53	I	19.02.2015	Eileen P Selland	Føresvik sør - Forslag til midlertidig veg
54	I	21.04.2015	Statens Vegvesen	Fv.890 - Uttale til høyring av reguleringsplan for Føresvik sør i Bokn kommune
55	I	22.04.2015	Eileen P Selland	SV: Status Reguleringsplan for Føresvik
56	I	24.04.2015	Eileen P Selland	VS: Føresvikplanen i Bokn og NArundskriv 2011/4
57	I	29.04.2015	Eileen P Selland	Reguleringsplan for Føresvik sør - Søknad om fråvik
58	I	29.04.2015	Jakobsen Tove	SV: Reguleringsplan for Føresvik sør - Søknad om fråvik
59	I	27.05.2015	Eileen P Selland	Revidert forslag til reguleringsplan for Føresvik sør
60	I	27.05.2015	Eileen P Selland	RE: Revidert forslag til reguleringsplan for Føresvik sør
61	I	03.06.2015	Randi Viksund	Fw: VS: BYGGING AV HALL I NÆRHETEN AV EUROPIPE II RØRLEDNING I FØRRESVIK,

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Plan- og bygningslova
Kommuneplanen sin arealdel

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør – med plankart dagsett 26.05.2015 og føresegner dagsett 26.05.2015.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

2. Det er ein føresetnad at dei omsøkte fråvika frå bør krava i vegvesenet sine reglar, vert godkjent på møte i fråviksnemnda 11.06.2015

03.06.2015 FORVALTNINGSSTYRE

Senterpartiet sette fram forslag til vedtak som følger:

Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør med plankart dagsett 26.05.2015 og føresegner dagsett 26.05.2015 samt følgende tillegg:

Rekkefølgekrav:

- Planen sine vegløyningar, inkl. miljøgate og ny veg mellom Fv. 890 Føresvikvegen og Fv. 892 Kyrkjebakken, må ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk. Dette for å sikre den ønskede effekten med hensyn til et tilnermet bilfritt miljø for brukerne av skole/hall.
- Gang- og sykkelstiar, samt fortau og gatebelysning må ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk.
- Hovedplan for VA-anlegg, inkl. plassering av septiktank for området må utarbeides og anlegg ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk.
- Krav til parkeringsplasser må beskrives i reguleringsbestemmelsene, og parkeringsplasser ferdigstilles før nye anlegg tas i bruk.
- Planen må konkretisere hvor lenge midlertidige anlegg kan benyttes. Ref. Pbl. 30-5 og prinsipputtalelse/ fortolkning av 18/5 – 2011. Ref. regjeringen.no.
- Risikovurdering vedr. E.P. II må tydeliggjøres, og eventuelle konsekvenser og risikoanalyser utarbeides av personell med fagkompetanse. Gasco må uttale seg om risikoanalyse og beredskap.

FV-019/15 VEDTAK:

Senterpartiet sitt framlegg fekk 2 røyster frå SP og ei frå AP og fall.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster frå SP og 1 frå AP.

RÅDMANNEN SITT ENDRA FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Bokn kommune vedtek framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør – med plankart dagsett 16.06.2015 og føresegner dagsett 16.06.2015.

Vedtaket er gjort med heimel i § 12-12 i plan- og bygningslova.

2. Det er ein føresetnad at dei omsøkte frávika frå « bør krava» i vegvesenet sine reglar, vert godkjent av regionale vegstyresmakter.

16.06.2015 KOMMUNESTYRET

KS-025/15 VEDTAK:

Rådmannen sitt endra framlegg til vedtak vart vedtatt mot 6 stemmer (Krf og SP)

Kva saka gjeld:

Plan for detaljregulering av området Føresvik Sør vert fremja til 2. gongs handsaming.

Bakgrunn for saka:

Føremålet med planen er å legge til rette for bygging av fleirbrukshall i området, i samsvar med tidlegare politiske vedtak. I samband med dette viser planen flytting av Føresvikvegen mot aust for å gje betre plass til ein slik hall.

Samstundes er det vist veg til framtidige bustadområde vest for Føresvik, og det er lagt til rette for plassering av bygg og anlegg for offentleg og privat tenesteyting slik det tidlegare har vore drøfta i tilknytning til arbeidet med arealdelen i kommuneplanen.

I den sørvestre del av planen er det vist eit mindre areal til bustadføremål.

Tidlegare kommunal handsaming

Kommunestyret gjorde i sak 008/12 fylgjande vedtak den 14.02.2012:

- 1. Bokn kommunestyre vedtar at ein i kommuneplanen set av areal til offentleg formål for bygging av fleirbrukshall/barnehage i området "Tresnippen" i Føresvik og vurderer øvrig vegstruktur i området.*
- 2. I denne samanhengen må ein vurdere ei omlegging av Føresvikvegen austover*
- 3. Kommunestyret vil be administrasjonen setja i verk nødvendig planarbeid/konsekvensutgreiing.*
- 4. Kommunestyret vil be formannskapet om å oppretta eit planutval for bygging, drift og finansiering av fleirbrukshall/barnehage.*
- 5. Saka skal leggest fram for kommunestyret til endeleg godkjenning.*
- 6. Med utgangspunkt i nåverande skulebygg, og skulens arealbehov, vil kommunestyret be formannskapet leggja fram ei sak om ombygging/utbygging av Bokn skule.*
- 7. Kommunestyret vil be formannskapet om å leggja fram ei sak om utbygging av ei ny avdeling i Bokn barnehage.*
- 8. Det legges inn i planen ein ny veg på sørsida av gnr. 9/2 til framtidig bustadområde vest for skulen og som veg til skule/Boknatun*
- 9. Bokn kommunestyre vedtek å setja av kr. 1.000.000,- til arbeid med utgreiinga. Midlene vert dekkja gjennom bruk av disposisjonsfond. Løyvingar ut over dette skal gjerast av kommunestyret ved framlegging av ein samla plan for investering og finansiering av utbyggingane.*

På bakgrunn av dette vedtaket, vart det laga eit framlegg til reguleringsplan for området. Dette framlegget vart handsama av forvaltningstyret den 26.06.2014, og fylgjande vedtak vart gjort mot to røyster i sak 012/14:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-10 vert framlegg til reguleringsplan for Føresvik Sør med kart dagsett 12.06.2014 og føresegner dagsett 12.06.2014 sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Planomtale

Planforslaget viser ei betydeleg utviding av kommunesenteret i Bokn, med plass til fleirbrukshall nær eksisterande skule og barnehage, areal til anna offentleg eller privat tenesteyting (t.d. bygdetun, barnehage, park)
Arealet aust for Føresvikvegen som i det opphavlege planframlegget var lagt ut til offentleg og privat tenesteyting, er teke ut av det planframlegget som nå vert fremja.

Det same gjeld hovudparten av det bustadområdet som tidlegare var vist vest for Kyrkjebakken.

Det vert lagt opp til utviding og delvis omlegging av eksisterande veganlegg, i tillegg til ny veg mot byggeområde i nordvest.

Planområdet består i hovudsak av gnr. 9, bnr. 2, 3, 15, 52, 132,156 og 180.

Planen omfattar etter måten store areal til sentrumsføremål. Det er derfor lagt opp til etappevis utbygging, og ei mogeleg utbygging er vist som illustrasjonar til planen.

Planforslaget har utgangspunkt i Bokn kommuneplan 2012 – 2024, som vart lagt ut til offentleg ettersyn 18.09.2012 med merknadsfrist 22.01.2013. Planen er vedtatt av kommunestyret 17.12.2013.

Planområdet ligg nær eksisterande skule, barnehage og idrettsanlegg med godt tilrettelagte tilbod til barn og ungdom. Når Boknatunvegen blir stengt mellom Kyrkjebakken og Føresvikvegen, vil vi få eit på det næraste bilfritt område mellom skulen og dei bygningar og aktivitetar som måtte bli etablert i området i søre del av planområdet, på gnr. 9, bnr. 2.

Innspel i høyringsrunden

Vedtaket i sak 012/14 om å sende planframlegget ut på høyring vart annonsert i Haugesunds avis, samt lagt ut på kommunen sine heimesider.

Registrerte grunneigarar og festarar og så vidt mogeleg andre med rettar i området, samt naboar og offentlege organ, er i samsvar med § 12-10 i plan- og bygningslova underretta med brev om framlegget til reguleringsplan, og kvar dette er tilgjengeleg.

Frist for tilbakemelding vart sett til 18.08.2014.

I høyringsrunden kom det inn fleire innspel som er referert i kortform nedanfor, med administrasjonen sine kommentarar:

Barn- og unge sin medverknad

For å sikre aktiv medverknad frå barn og unge, vart det den 13. juni 2014 gjennomført ein dag for alle klassetrinn på Bokn skule med fokus på medverknad i planprosessen. Elevane i 10. klasse var gruppeleiarar og deltok på alle klassetrinna.

Alle klassane fekk utdelt store plankart og oversiktsskisser, samt sjablongar til å fargelegge og klippe ut til å lime på. Det vart gjeve oppgåve om å reflektere og diskutere, samt gje uttrykk gjennom tekst eller teikningar, korleis elevane ynskja at Føresvik skulle sjå ut med fokus på bygging av fleirbrukshall og eventuelle syn på plassering av andre kommunale bygg samt området rundt Bokn skule og sentrum.

Dagen vart gjennomført med stort engasjement frå elevane, og deira syn kom til uttrykk på ulikt vis, gjennom diskusjonar, teikningar, skriftlege framstillingar og framføringar.

Borna i småskulen (1.-4. klasse) hadde stort fokus på å oppgradere skuleområdet og sentrumsområdet med fleire leiker.

Mange syntes det var dumt at ein måtte rive eit hus for å bygge fleirbrukshallen.

Dei eldste borna (5. – 10. klasse) hadde mange gode og reflekterte diskusjonar, både om oppgåvene dei vart gjevne, samt demokrati og medbestemming.

Majoriteten av borna ynska plassering av hallen anten aust for skulen i ubygd terreng, eller vest for skulen på open mark.

Dei var opptekne av at Bokn har store areal som bør nyttast før ein riv privatpersonar sine hus.

Det kom elles innspel i høve til kva ein fleirbrukshall bør kunne gje rom for, t.d. handballbane, kiosk, spelning og andre sosiale aktivitetar enn sport

Innspel frå offentlege instansar

Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune

Føresvikvegen (merka BAA3 og BAA4) skulle nyttast til offentleg eller privat tenesteyting kombinert med forretning.

Fylkesmannen og fylkeskommunen hadde innvendingar mot ein slik arealbruk ettersom denne ikkje er konsekvensvurdert i kommuneplanen eller i tilknytning til reguleringsframlegget.

I samband med dette vart det halde eit avklaringsmøte mellom kommunen, fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune den 28.08.2014.

I dette møtet vart det semje om å ta desse areala ut av planen.

Planframlegget er derfor justert ved at det nå berre er vist ei stripe LNF -areal på austsida av den omlagde Føresvikvegen i det området som i det opphavlege planframlegget var vist som areal for offentleg og privat tenesteyting kombinert med forretning.

Rogaland fylkeskommune – seksjon for kulturarv

Rogaland fylkeskommune – seksjon for kulturarv stilte krav om at det måtte føretakast kulturhistoriske registreringar i deler av planområdet før det kunne gjevast fråsegn til planframlegget frå deira side.

Slike registreringa vart føreteke i juli 2014.

Det vart registret to nye to nye lokalitetar i området vest for Kyrkjebakken, i eit område som var vist til bustadføremål (merka BFS1- BFS6).

Det eine av desse kulturminna er automatisk freda, men seksjon for kulturarv sa seg i brev dagsett 29.08.2014 viljug til å innstille på at denne vert frigjeven gjennom ein dispensasjonssøknad.

Dersom kommunen vel å søkje dispensasjon, vert det mest sannsynleg stilt krav om ei vitskapleg undersøking av kulturminna.

Tiltakshavar må betale for ei slik undersøking, og planen må sendast ut på ny avgrensa høyring.

Ut frå dette, har plangruppa for hallen valt å ta ut bustadarealet merka BFS1-BFS5 av planen, og berre behalde bustadarealet BFS6.

Arealbruken i dette området og tilhøvet til det automatisk verna kulturminnet må då vurderast ved utarbeiding av eigen reguleringsplan for dette området på eit seinare tidspunkt.

Det same gjeld for det området aust for den omlagde Føresvikvegen, der det også er registrert eit automatisk verna kulturminne.

Statens vegvesen

Statens vegvesen kom i høyringsrunden med innvendingar mot dei deler av planen som gjeld fylkesvegane, herunder dei tekniske krava til den nye delen av Føresvikvegen.

Det har sidan august 2014 vore dialog og drøftinga med Statens vegvesen knytt til dette.

I brev dagsett 20.04.2015 godkjenner Statens vegvesen planframlegget under føresetnad av at nokre mindre fråvik frå vegvesenet sine vegnormalar og handbøker vert godkjent av deira fråviksnemnd.

Det var opphavleg lagt opp til at desse fråvika frå bør kravet i vegvesenet sine reglar, skulle handsamast av fråviksnemnda i møte 19.05.2015.

Dette møtet er utsett til 11.06.2015, og det må derfor takast eit visst atterhald om at fråvika vert godkjent i dette møtet.

Haugaland Kraft

Haugaland Kraft viser i e-post dagsett 19.08.2014 til at det i samband med utbygginga er behov for å sett opp fleire nye trafokioskar i området, og ber om at plassering av desse vert gjort i samråd med dei.

Det vert også lagt ved forslag til område for nye trafokioskar.

Innspel frå private

Ein del av innspela frå private aktørar referer seg til dei deler av det opphavlege planframlegget som nå er teke ut av planen.

Desse innspela vert ikkje kommentert i det vidare utover at det vert vist til at dette gjeld tilhøve som ikkje er omfatta av det endelege planframlegget.

Torunn Feste, eigar av gnr. 10 bnr. 10

Grunneigaren protesterer mot at tilkomst til bnr. 9 vert lagt over bnr. 10, og viser til at bnr. 9 berre har rett til gangveg til bruket sitt over denne vegen.

Kommentar:

Dette gjeld tilhøve som referer seg til areal som er teke ut av planen.

Hans Faye

Merknaden går i korte trekk ut på fylgjande:

- Dersom plassering av fleirbrukshallen på «Tresnippen» krev omlegging av Føresvikvegen, bør dette gå tydeleg fram i form av eit rekkefylgjekrav til bygging av miljøgate.
- Det må setjast rekkefylgjekrav knytt til dei ulike vegløyisingane, samt omlegging av høgspintlina til jordkabel.
- Det må leggjast inn krav om etterbruk av matjord.
- Det bør vurderast ei løysing for gang- og sykkelveg langs Føresvikvegen som inneber berre ei kryssing av Føresvikvegen/ny veg til ny byggeområda vest for Føresvik
- Det burde også vera regulert inn gang/sykkelveg gjennom området som er regulert til offentleg føremål (mellom BOP1 og BOP2).
- Krysset mellom ny veg til nye byggeområde vest for Føresvik (veg SKV3) og vegen til Boknatun (SKV4) bør av omsyn til trafikktryggleiken ikkje utformast som eit 4-arma kryss.
- Løysing for overflatevatn frå planlagt bustadbygging lang vestsida av Boknatunvegen må vurderast saman med løysinga for planområdet for offentleg føremål.
- Det bør vurderast om det skal regulerast tomt til tekniske anlegg for avlaup med tanke på ei felles løysing med bustadområda lenger vest.

Kommentar:

Det er bygt ein mellombels anleggsveg forbi tomta for fleirbrukshallen. Rekkefylgjekrav for bygging av den permanente omlegginga av Føresvikvegen bør vurderast i tilknytning til utarbeiding av reguleringsplan for området austafør vegen, og høgspintlina bør verta lagt i jordkabel samstundes med at denne vegen vert flytt.

Det er lagt inn krav som sikrar at gjenbruk av matjord vert vurdert ved utbygging.

Når det gjeld behovet for gang/sykkelvegar og utforming av desse og vegkryssa, er dette problemstillingar som er nøyte drøfta med Statens vegvesen og godkjent av desse som vegeigar.

Det er det lagt inn rekkefylgjekrav som inneber at ny veg (SKV3) til framtidige bustadområde vest for Føresvik må vera bygd før desse bustadareala kan takast i bruk.

Behovet for gang- og sykkelsti gjennom området som er regulert til offentleg føremål, må løysast ved detaljplanlegginga av uteareala knytt til fleirbrukshallen.

Når det gjeld den tekniske løysinga knytt til VA- anlegga, bør dette løysast gjennom utarbeiding av ein hovudplan for slike anlegg.

Arbeidet med ein slik plan bør setjast i gong snarast, og hovudproblemstillingane som ein slik plan skal ta opp, må vera avklara slik at framtidstretta løysingar kan leggjast til grunn ved utbygging av areala innan planområdet.

Det er elles er elles merknader til tilhøve som referer seg til areal som er teke ut av planen.

Åse Helen Alvestad, eigar av gnr. 10 bnr. 7

Grunneigaren viser i brev dagsett 17.08.2014 til at ho har planar om å dele frå tomter frå eigedomen sin, og ynskjer i samband med dette avkjørsle til den planlagde vegen over eigedomen.

Kommentar:

Dette gjeld tilhøve som referer seg til areal som er teke ut av planen.

Føresvik Velforening

Føresvik Velforening uttrykkjer i brev dagsett 16.08.2014 skepsis til at Føresvikvegen skal gjerast om til ei miljøgate. Dei stiller seg og negative til at kommunen går inn for på rive eit privat hus for å bygge fleirbrukshallen.

Kommentar:

Godkjenning av det framlegget til reguleringsplan som nå ligg føre, inneber ikkje at Føresvikvegen skal gjerast om til ei miljøgate.

Dette må vurderast som ei eiga sak, og det kan vera naturleg å gjere dette i tilknytning til det stadsutviklingsprosjektet for Føresvik som nå er sett i gong.

Når det gjeld at bygg må vike for ein framtidig fleirbrukshall, er dette heller ikkje ein del av reguleringsplanen, men dette er vurdert som ei eiga sak av formannskap/kommunestyre i tilknytning til erverv av eigedomen.

Vierdal Advokatfirma, på vegne av eigarar av gnr. 9 bnr. 2

Adv. Vierdal viser til dei drøftingar som har vore mellom kommunen og eigarane av gnr. 9 bnr. 2 med tanke på eigedomserverv basert på det opphavlege utkastet til reguleringsplan.

Mellom anna viser han til grunneigarane sitt ynskje om å regulert inn eit bustadområde på ca. 8 dekar i austre del av det området som var lagt ut til offentleg og privat tenesteyting kombinert med forretning (merka BAA4).

Kommentar:

Som det går fram av det som det er gjort greie for under punktet om innspel frå offentlege instansar, er planområdet sterkt redusert i høve til det som låg føre då det var drøftingar mellom kommunen og eigarane av gnr. 9 bnr. 2.

Mellom anna er hovuddelen av det arealet som var merka BAA4 teke ut av planen, etter merknader frå fylkesmannen og fylkeskommunen.

Denne del av eigedomen vert nå berre råka av omlegging av Føresvikvegen, og grunnerverv knytt til dette, må tas opp når dette vegprosjektet skal gjennomførast.

Når det gjeld vurdering av eit bustadareal mot aust slik grunneigarane ynskjer, må dette gjerast når det skal lagast reguleringsplan for dette området.

Bokn Senterparti

Bokn Senterparti har i brev dagsett 17.08.2014 fylgjande merknader:

Høyringsuttale til reguleringsplan Føresvik sør

Bokn Senterparti har motsegn mot fylgjande i reguleringsplan Føresvik sør:

1. Planen inneheld riving av bustadhus.

2. Unødvendig nedbygging av fulldyrka mark. Kartet viser at det er lagt inn område til bustadformål. I tillegg er grunneigar tilbudd 8 mål til bustadformål (vedlagt brev datert 25.06.2014).
3. Det er ikkje tilrettelagt for offentleg transport, eks. buss stopp
4. Området har ikkje vore konsekvensutreda i henhold til kommunestyrevedtak. Vart konsekvensutgreiing gjort i kommuneplanen for gjeldande område?
5. 3.2. Planen manglar krav om antall parkeringsplassar til utbygging av område BOP1.
6. 3.4 På område BAA2 framkjem at det kan oppførast bygningar, miljøstasjon og parkering for BOP1. Dette er eit område på ca10m2 som allereie er bebygd.
7. 4.2 Valt veg trase ender i bratt terreng som ved tidlegare vurdering av vegløysning til framtidige bustadområder er fraråda av konsulentar grunna stigningsforholda.
8. Det vart oppretta nytt firearma kryss. Dette er tilsvarande det ein ønskjer å fjerne på Føresvikvegen.
9. 7.1 Tilbod frå kommunen til eigar av gard nr. 9 br.2 er i strid med rekkefølgekrava om utbyggjing av områda.
10. Krav til snuområde for BFS1, BFS2, BFS4, og BFS4 er ikkje i henhold til dagens kommunale krav.
11. Kravet frå Rogaland Fylkeskommune om at det i føresegnene blir satt krav til beskriving for etterbruk av matjord er ikkje utført

Andre kommentarar:

1. I fellesføresegner vart det krevja at alle bygningar skal tilknyttast kommunal kloakk. Det er ikkje utbygd godkjent kloakkanlegg i området.
2. 5.1 Kvifor skal denne steingarden bevarast?
3. Blir det utført støyberkningar for eksisterande bustadar langs nye vegtrasear?
4. Er det vurdert andre traseval for ny veg til bustadområde B9-B13

Kommentar:

Merknadane er kommentert punktvis:

1. Når det gjeld at bygg må vike for ein framtidig fleirbrukshall, er dette ikkje ein del av reguleringsplanen, men dette er vurdert som ei eiga sak av formannskap/kommunestyre i tilknytning til erverv av eigedomen.
2. Planområdet er redusert, og dei deler som er teke ut av planen gjeld i all hovudsak eksisterandelandsbruksområde.
Ved at det er lagt opp til at utbygging av det landbruksarealet som framleis inngår i planen skal skje frå nord, kan den eksisterande landbruksdrifta oppretthaldast lengst mogeleg.
3. Behovet for og plassering av eit evt. busstopp på den nye traseen av Føresvikvegen, må vurderast i tilknytning til byggeplanane for veggen og stadsutviklingsprosjektet for Føresvik som nå er sett i gong.
4. Området er konsekvensutgreidd i samband med utarbeiding av ny arealdel for kommuneplanen.

5. Behov for parkeringsplassar vil verta vurdert i tilknytning for byggesaka for fleirbrukshallen.
6. Område BAA2 er regulert for den nodehytta som allereie er bygt der. Korkje reguleringsplanen eller føresegnene gjev rom for bygging av andre bygg eller anlegg, noko det heller ikkje er plass til.
7. Valt trase og stigningstilhøve for denne, er vurdert av konsulenten for planen og er godkjent av Statens vegvesen.
8. Løysinga er nøye drøfta med Statens vegvesen og godkjent av desse.
9. Dette gjeld tilhøve som referer seg til areal som er teke ut av planen.
10. Dette gjeld tilhøve som referer seg til areal som er teke ut av planen.
11. Krav om etterbruk av matjord er teke inn i føresegnene.

Når det gjeld dei andre kommentarane, vil det vera ein føresetnaden at alle bygg vert knytt til offentlig vatn og avlaup. Når det gjeld den tekniske løysinga knytt til VA- anlegga, bør dette løysast gjennom utarbeiding av ein hovudplan for slike anlegg. Arbeidet med ein slik plan bør setjast i gong snarast, og hovudproblemstillingane som ein slik plan skal ta opp, må vera avklara slik at framtidstretta løysingar kan leggjast til grunn ved utbygging av areala innan planområdet.

Føresegnene knytt til kommuneplanen sin arealdel inneheld krav om at gamle steingardar om mogeleg skal bevarast, og dette er det teke omsyn til i denne planen.

Det er ikkje føreteke støyvurderingar nå i høve til flytting av Føresvikvegen.

Dette må gjerast når vegen skal byggjast.

Flytting av vegen inneber at ein bustad kjem nærare den nye Føresvikvegen enn i høve til eksisterande veg.

Kommunen har gjort avtale med vedkomande grunneigar at det skal etablerast støydempende tiltak dersom dette er naudsynt for å tilfredsstille gjeldande lovverk

Krav om støyvurderingar er innteke i føresegnene.

Når det gjeld traseval for veg til framtidige bustadfelt, er andre alternativ vurdert, men ikkje utgreidd i detalj, då veg lang plangrensa i sør tidleg peika seg ut som det mest realistiske.

Konklusjon

Det framlegget til plan som nå ligg føre, er kome fram gjennom ei omfattande prosess med utgangspunkt i kommunestyret si bestilling i sak 008/12.

Planen viser plassering av fleirbrukshallen i samsvar med kommunestyret sitt vedtak, og viser elles offentlege areal som gjev grunnlag for ei framtidig sentrumsutvikling i Føresvik.

Innafor planområdet har landbruksfunksjonar i ei viss grad måtte vike for samfunnsviktige funksjonar. Det er vanskeleg å sjå for seg ei utvikling av sentrumsfunksjonar i Føresvik utan ein slik sideverknad. Det er likevel lagt opp til ei arealeffektiv utbygging der areal ikkje blir

tatt i bruk til andre føremål før det er nødvendig. Å knyte saman Føresvik si hamn med skuleområdet er ein del av kommunen sin framtidige visjon, og er vidareført i planforslaget. Sjølv om planen vil føre til nedbygging av noko landbruksareal, vil ein plan som legg til rette for ei naturleg utvikling av sentrum i Føresvik vere ei føremon for jordvernet i kommunen på lengre sikt.

Ved at det er lagt opp til at utbygging av dette området skal skje frå nord, kan den eksisterande landbruksdrifta oppretthaldast lengst mogeleg. Også omsynet til framtidig bustadutvikling nær sentrum er teke vare på gjennom ny veg til framtidige bustadareal vest for Føresvik.

Rådmannen vil på dette grunnlaget rå til at planframlegget vert endeleg vedteke med dei endringar som går fram av saksførebuinga ovanfor, i samsvar med krava i plan- og bygningslova.

Føresegner

Reguleringsplan for Føresvik sør

- del av gnr. 9, bnr. 2 m.fl.

Bokn kommune

Dei regulerte områda er vist med reguleringsgrense på plankartet. Innafor dei regulerte områda skal arealbruken vera som det går fram av plankartet. Desse føresegnene utgjer saman med plankart datert 17.11.2014, sist revidert 16.06.2015 reguleringsplan for området.

Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for fleirbrukshall, barnehage, skule og bustader, med tilhøyrande vegtilkomst og omlegging av eksisterande vegliner.

§1 Arealet innafor plangrensa har følgjande føremål i samsvar med plan- og bygningslova

<i>I.</i>	<i>Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)</i>	Areal (daa)
-	Bustader – frittliggjande – småhus, BFS	2.42
-	Offentleg eller privat tenesteyting, BOP	15.10
-	Offentleg eller privat tenesteyting kombinert med forretning, BAA	3.66
<i>II.</i>	<i>Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)</i>	
-	Veg, SV	0.48
-	Køyreveg, SKV	4.73
-	Annan veggrunn – teknisk anlegg, SVT	0.07
-	Annan veggrunn – grøntareal, SVG	6.90
-	Fortau, SF	1.79
<i>III.</i>	<i>Landbruks-, natur- og friluftsføremål (Pbl § 12-5 nr. 4)</i>	
-	LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk, L	1.38
-	Særlege landskapsomsyn, LLH	0.89
<i>IV.</i>	<i>Omsynssoner (PBL § 12-6)</i>	
-	Frisikt, H140	
-	Høgspenningsanlegg, H570	
<i>V.</i>	<i>Bestemmelseområde (PBL § 12-7)</i>	
-	Midlertidig anlegg- og riggområde, #1	

Totalt daa planområde: 37.42

§2 Felles føresegner

- 2.1 Om det vert gjort funn av automatisk freda gjenstandar eller konstruksjonar under arbeid med tiltak i planområdet, må arbeidet straks stogkast og kulturminnestyresmakt varslast for nærare gransking, jf. Kulturminnelova §8, 2. ledd.
- 2.2 Bygningar for varig opphald av menneske må i samband med godkjenning av byggjesøknad kunne dokumentera hygienisk trygt og nok drikkevatt. Avlaup for kloakk må koplast på det kommunale anlegget.
- 2.3 Ved framføring av VA-anlegg, tele- og elektriske kablar innafor byggeområda, skal desse så langt råd er leggast i jordkabel.
- 2.4 Prinsippet om universell utforming skal leggast til grunn ved opparbeiding av parkering og tilkomst til områda BOP1, BOP2 og BAA1.
- 2.5 Innandørs og utandørs støy må vere innafor krava i teknisk forskrift/ NS8175 og rettleiar T-1442, "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Ved byggjesøknad må det dokumenterast tilfredsstillande støynivå for både bygningar og uteopphaldsareal.
- 2.6 Vegane innafor planområdet kan justerast inntil 1.0 meter i høve til reguleringsplanen dersom dette fører til betre landskapstilpassing.
- 2.7 Før utbygging skal det gjerast greie for handtering av jordressursane. Matjordlaget frå jordbruksareal (fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite) som vert utbygd skal sikrast vidare bruk, primært til jordbruksføremål.

§3 Bygningar og anlegg (Pbl § 12-5 nr. 1)

3.1 Bustader – frittliggjande – småhus, BFS

- 3.1.1 Innafor område BFS1 kan det setjast opp frittliggjande småhus. Tillate takform er saltak eller valmtak med mønehøgde inntil 9 meter, og gesimshøgde inntil 6.5 meter, målt frå ferdig planert terreng. Utnyttingsgraden innafor området er 35 % BYA jf. rettleiar H-2300, «*Grad av utnytting*».

I området er minste uteopphaldsareal (MUA) pr. bueining er 30 m². Det skal setjast av minimum 50 m² areal til leikeplass pr. hovud bueining i tillegg til minste uteopphaldsareal innafor området. Uteopphaldsareal skal ikkje vere avsett til bygningar, køyring eller parkering. Det skal leggast til rette for minimum 2 biloppstillingsplassar pr. bueining større enn 50m², og minimum 1 biloppstillingsplass per. bueining opp til 50m². Tilkomst kan skje frå o_SKV3.

- 3.1.2 Det kan innafor BFS1 og BFS2 setjast opp frittstående garasje inntil 50m² BYA, i ein avstand på minimum 1.0 meter frå naboeigedom. Garasje skal førast opp med same takform som bustadhuset det høyrer til. Tillate mønehøgde er inntil 4.5 meter, og gesimshøgde inntil 3.0 meter, målt frå innvending golv.

3.2 Offentleg eller privat tenesteyting, BOP1

- 3.2.1 Innafor området kan det førast opp bygningar tilknytt idrett, bygningar som fleirbrukshall og klubbhus, samt felles parkeringsplass i samband med fleirbrukshallen.
- 3.2.2 Eksisterande bygningar som er forutsett fjerna i plan kan rivast eller flyttast.
- 3.2.3 Tillate takflater er flatt tak, pulttak, valma- eller saltak. Maksimal byggjehøgde er kote +32.
- 3.2.4 Ein kan leggja opp til felles parkering med eksisterande klubbhus innafor området.
- 3.2.5 Maks BYA innafor føremålet er 60% jf. rettleiar H-2300, «Grad av utnytting».

3.3 Offentleg eller privat tenesteyting, BOP2

- 3.3.1 Innafor området kan det førast opp barnehage og/ eller felles leikeplass. Det er tillate med oppføring av mindre bygg i tilknytning til drift av bygningane og tilrettelegging for leik og spel.
- 3.3.2 Det kan opparbeidast felles parkeringsplass for området, der 20% skal vere tilrettelagt gjesteparkering, og 10% tilrettelagt for rørslehemma. Parkeringsplassen kan opparbeidast felles med område BAA1.
- 3.3.3 Tillate takform er flatt tak, pulttak eller saltak. Maksimal byggjehøgde innafor området er kote +27.
- 3.3.4 Maks BYA innafor føremålet er 60% jf. veileidar H-2300, «Grad av utnytting».

3.4 Offentleg eller privat tenesteyting kombinert med forretning, BAA

- 3.4.1 Innafor område BAA1 kan det førast opp felles leikeareal, bygdetun, museum og/ eller forsamlingslokale. Det kan opparbeidast felles parkeringsplass for området, der 20% skal vere tilrettelagt gjesteparkering, og 10% tilrettelagt for rørslehemma. Parkeringsplassen kan førast opp felles med område BOP2.
- 3.4.2 Tillate takform innafor BAA1 er flatt tak, pulttak eller saltak. Maksimal byggjehøgde innafor området er kote +27.
- 3.4.3 Innafor område BAA2 kan det førast opp bygningar tilknytt tekniske anlegg.
- 3.4.4 Maks BYA innafor kvart føremålet er 60% jf. veileidar H-2300, «Grad av utnytting».

§4 Samferdsle og teknisk infrastruktur (Pbl § 12-5 nr. 2)

4.1 Veg, SV

- 4.1.1 Veg, o_SV1 er ein offentlig veg, og er tilkomstveg til område BAA2 og andre med rettar i vegen. Det kan etablerast avkøyringar frå vegen.
- 4.1.2 Veg, o_SV2 er ein offentlig veg, og er tilkomstveg til eksisterande skule og klubbhus. Vegen kan nyttast som tilkomst for varelevering til BOP1.
- 4.1.3 Veg, f_SV3 er ein eksisterande privat felles tilkomstveg.

4.1.4 Veg, SV4 er ein privat veg og fører fram til gardsbruket på gnr. 9, bnr. 1. Vegen ligg i eksisterande trasé.

4.2 Køyreveg, SKV

4.2.1 Veg, o_SKV1 er ein vidareføring og utviding av eksisterande veg, fv. 890. Vegen er delvis lagt om i høve til eksisterande trasé. Frå krysset med o_SKV2 og mot hamna i nord skal vegen utformast som ei miljøgate med køyring på mjuke trafikantar sine prinsipp.

4.2.2 Veg, o_SKV2 er ein ny offentleg veg mellom fv. 890 Føresvikvegen og fv. 892 Kyrkjebakken.

4.2.3 Veg, o_SKV3 er ein vidareføring og utviding av eksisterande veg, fv. 892. Vegen er delvis lagt om. Det kan etablerast avkøyring frå vegen mot eksisterande bustadeigedomar, mot gnr. 9, bnr. 2, BFS1, BOP2 og BAA1.

4.3 Annan veggrunn – teknisk anlegg

4.4.1 Innafor området er det sett av areal for oppføring av rekkverk.

4.4 Annan veggrunn – grøntareal

4.5.1 Innafor området kan det setjast av areal for skjerings-/ fyllingsutslag og vegrøft i samband med vegbygging. Det kan opparbeidast låg vegetasjon innafor areala. Det skal sikrast vegtilkomst til eksisterande bustadeigedomar over grøntareala. Det kan i tillegg etablerast avkøyring over grøntareala mot gnr. 9, bnr. 2, BFS1, BOP2 og BAA1.

4.5 Fortau, SF

4.6.1 Fortau, o_SF innafor planområdet er offentlege og skal sikre trafikktryggleiken for mjuke trafikantar.

§5 Landbruks-, natur- og friluftsføremål (Pbl § 12-5 nr. 5)

5.1 LNF- areal for nødvendige tiltak for landbruk, LNF

5.1.1 Innafor området er tiltak i samband med stadbunden næring tillate.

5.2 Særlege landskapsomsyn, LLH

5.1.2 Eksisterande steingard i eigedomsgrensa til gnr. 9, bnr. 2 i sør skal takast vare på. Tiltak i samband med stadbunden næring er tillate.

§6 Omsynssoner (PBL § 12-6)

6.1 Sikringssone – Frisikt, H140

6.1.1 Innafor områda skal det vere fri sikt i ei høgd på 0.5 meter over primærvegens køyrebane.

6.2 Faresone – Høgspenningsanlegg, H570

- 6.2.1 Horisontal avstand til viktige bygningar må vere meir enn 6.0 meter frå ytterfase på høgspenteleidning.


§7 Bestemmelseområde (PBL § 12-7)

7.1 Midlertidig anlegg- og riggområde, #1

- 7.1.1 Arealet innafor #1 kan nyttast til verksemd som er naudsynt for bygging av veganlegga i planen, og til midlertidig lagring av jord og steinmassar. Når anlegga er ferdig, skal området terrengtilpassast og settast i stand til opphavleg bruk.

§8 Rekkjefølgjekrav

- 8.1 Eksisterande elektriske anlegg i området skal nyttast. Vass- og avlaupsanlegg skal tilkoplast kommunalt anlegg. Tekniske anlegg skal godkjennast av kommunen, jf. PBL §11-9, før utbygging kan skje.
- 8.2 Det er krav til detaljert plan for utforming av veganlegg i horisontal- og vertikalplanet. Veganlegg som rører ved fylkesveg skal godkjennast av Statens vegvesen.
- 8.3 Ved byggjesøknad skal det utarbeidast detaljert plan som syner bygningskropp, ev. nabobygningar, fasadeliv, parkering, uteopphaldsareal og plass for renovasjon.
- 8.4 Før det vert gjeve mellombels bruksløyve eller ferdigattest for område BOP2 med bamehage, skal o_SF1 langs o_SKV2 og o_SKV3 vere opparbeidd.
- 8.5 Køyreveg, SKV2 må vere opparbeidd og ferdigstilt før bustader innafor område B9, B10, B12 og B13 i kommuneplanen for Bokn 2012 – 2024 kan takast i bruk.



Teiknforklaring

- Dyringer og anlegg (PBL § 12.5, nr. 1)
 - Bustader - fridagsende - småhus, BFS
 - Offentlig eller privat tanestasjon, BOP
 - Offentlig eller privat tanestasjon kombinert med forretnng, BAA
- Semesterleie og utleieinstitusjon (PBL § 12.5, nr. 2)
 - Veg, SV
 - Keiroyng, SKV
 - Forst, SF
 - Annan veggrunn - teknisk anlegg, SVT
 - Annan veggrunn - grøntareal, SVC
- Utleie av lokalitet, utleie og inntak for PBL § 12.5, nr. 1 (N.F. areal for nødvendige tilak for landbruks, L)
 - Særlige landbruksareal, LLH
- Omrymsoner (PBL § 12.4)
 - Frakt, H140
 - Høgsoneanlegg, H370
 - Møling anlegg - og regulerings #

- Planermerke
- Byggegrens
- Bbyggesone som leneleies lene
- Regulert leneleies
- Regulert leneleies
- Bestemmelsgrens
- Skillegrens
- Fangrens
- Fristerne i vektys
- Måle-leneleies

PlanID: meingler
 Kommunereg: Borkommune
 Skillegrens: 1:1000
 Utskillemerke: A1
 Dato: 17.11.2014

Rev.:	Dato:	Byg-:
01	18.08.2014	EPB
02	18.08.2014	EPB

Borkommune

SAKSNR:	DATE:	SIGN:
012714	26.08.2014	AKC
019115	03.08.2015	BJA
025015	18.08.2015	BJA
SAKSNR:	TEKNIKR:	SAGH:

Reguleringsplan for Føresvik sør

del av gnr. 9, bnr. 2 m.fl.

SAKSHANDLING JF PLAN- OG BYGNINGSLOV

Møtingoppsett (Utdelt vedlegg 17.01.2014)

1. gong handtering i del leneleies for plannaker

Offentlig etersyn i

2. gong handtering i del leneleies for plannaker

Kommunestyret sitt vedtak:

PLAN UTARBEID AV

